

Selg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 2 · 2023
94. årgang



Den store barnedåpen

Redaksjon

917 23 967 | post@seljordkyrkje.no

Bankgiro: 2711.20.31826

VIPPS nr: 650484

Opningstider

Tys/ons/tor 09–13. Elles treffetid etter avtale. Kontoret kan vera ubemannanna på grunn av oppdrag ute.

Kyrkjekontoret

Dag Harald Undheim, Sokneprest

907 78 921 | dag.harald@seljordkyrkje.no

Petter Jakobsen, Kyrkjevevje og

ungdomsprest

909 51 409 | petter@seljordkyrkje.no

Jon Svartdal, Assisterande kyrkjevevje

917 23 967 | jon@seljordkyrkje.no

Kjetil Bergheim, Kantor

918 41 306 | kjetil@seljordkyrkje.no

Ingunn Liseter, Diakon

976 82 694 | ingunn@seljordkyrkje.no

Kyrkjetenarar

Ivar Øygarden

907 84 971 | ivar@seljordkyrkje.no

Eilev Eiesland Bjørge

975 45 943 | eilev@seljordkyrkje.no

Seljord sokneråd

Bergit Lisleåsheim Telnes | 906 91 674

bergit.telnes@seljord.kommune.no

Heimeside

www.seljordkyrkje.no

Då reiste Peter seg – forlot alt og følgde Jesus

Då reiste Peter seg – forlot alt og følgde Jesus

Landstad skriv i diktet Anneksreisen at presten sat i kyrkjestogo i Åmotsdal og arbeide med preika si. Slik seier han det:

*På bordet ligger Bibel, postill og salmebok
- der sitter presten ensom i kamrets mørke krok
med foldede hender og hodet senkt -
hva mon for tunge tanker han her har tenkt*

Bibel, postill og salmebok – det var dei viktigaste hjelpemidla presten hadde. Postill – kva er det ? Med stor grad av visse kan me seie at dette var Luthers kommentar til alle kyrkjetekstane. Desse kommentarane gjev – den gang som no – verdfulle innspel i det preikeførebuande arbeidet.

Landstad skreiv ingen postill sjølv, slik mange andre gjorde på den tida. Landstad derimot skreiv rett ofte kommentarar til kyrkjetekstane i salmane han dikta. Og desse kan den dag i dag gjeve oss verdfulle innspel og tankar i det preikeførebuande arbeidet.

Lat meg syne eit døme på dette. På den sundagen me kallar Aposteldagen, er teksten i første teksttrekkje henta frå Lukasevangeliets forteljing om Peters fiskefangst (Luk 5). Denne teksten kommenterer Landstad utførleg i den salmen han skreiv til denne sundagen. I denne salmen kommenterer Landstad hendinga på dette viset:

*For Jesu fot falt Peter ned,
Sitt skriftemål han gjorde,
Hans hjerte skalv av skamfullhet,
Se op han ikke torde.
O Herre, gå fra mig på stand!
Du ser jeg er en syndig mann,
Uverdigg for ditt øie.
Herre Jesus!*

Her seier Landstad at det grunnleggjande i kallet og tilhøvet mellom Jesus og Peter er skriftemålet. Når Peter falt ned for Jesu føter, så kom han med eit skriftemål.

Når Landstad skal kommentere dette vidare, seier han det slik:

*Men Jesus mild og kjærleg stod
Og så den arme synder
Som gjorde skriftemål og bot,
Og nåde ham forkynner:
Frykt du kun ei!
Fra denne stund
Du mennesker fra dypest bunn
Skal fange til Guds rike!
Herre Jesus!*

Og etter dette trekkjer Landstad ein mykje fin og god konklusjon. Skriftemålet fører til tilgjeving av syndene – og når Peter har motteke denne, kan han med frimod reise seg til nytt liv. Teksten brukar ikkje orda «reise seg» - men innhaldet er utan tvil dette. Slik skriv Landstad:

*Da reiste Peter sig og kom
Så glad og rik til lande.
Her var det felt en nådedom,
Det måtte han vel sanne.
Ti fangen var han bleven selv
Ved Herrens ord av tviler-elv,
I troen var han bunden.
Herre Jesus!*

Landstad bruker fleire strofer enn dei tre eg har sitert her når han legg ut teksten for denne sundagen. I den fjerde strofa seier han kva som hende etter at Peter hadde reist seg og tatt imot tilgjevinga:

*Da straks han alle ting forlot
Og fulgte Krist med trøstig mot*

Eg skal ikkje sitere alle strofene i denne lille andakten – eg skal til slutt gjere det som Landstad gjer i dei to første verslinene i strofe nr 5. I desse dreier Landstad ljuset frå teksten og over til kyrkjelyden – han vert personleg, og adresserer budskapet til den einskilde med desse orda:

*Så stå da opp og følg nu fort
Den Herre Krist som kaller*

Og slik er det med oss og. Til sist dreier bibelen ljuset mot oss, og møter oss med dei same orda som Landstad skriv: Så stå da opp og følg nu fort, den Herre Krist som kaller.

DHU



Misjonshuset i Seljord

Misjonshuset i Seljord har kvart semester eit rikhaldig møteprogram. Hausten 2023 er ikkje noko unnatak.

Slik ser det faste programmet ut:

Kvinneforening fyrste torsdag i kvar månad

Formiddagstreff 29.09., 27.10. og 24.11
kl 11.00

Babysang ein gong i månaden kl. 11.00.

Tysdagsklubb 19.09., 17.10., 14.11. og 12.12.
kl. 16.30.

Bibellesing Annan kvar tysdag samalst vi for å lese høgt frå Bibelen saman, det blir enkel servering og tid til litt prat også.

Møte Annan kvar sundagar kl. 19.00 (sjå program)

Detaljar for møteprogrammet kan du finne på Misjonshusets heimeside
– www.seljordindremisjon.no

Seljord Normisjon



Faste aktivitetar på Misjonshuset

Kvinneforening fyrste torsdag i kvar månad
Formiddagstreff 29.09., 27.10. og 24.11- kl 11.00
Babysang ein gong i månaden kl. 11.00.
Tysdagsklubb 19.09., 17.10., 14.11. og 12.12. kl. 16.30.
Bibellesing Annan kvar tysdag samalst vi for å lese høgt frå Bibelen saman, det blir enkel servering og tid til litt prat også.
Møte Annan kvar sundagar kl. 19.00 (sjå program)



Høstsemesteret 2023 blir det ein kombinasjon av samlingar på sundagskveldar og tysdagskveldar. Det blir møte, bibeltimar og

Seljord Normisjon har eiga heimeside på internett. Her finn du fyldig informasjon om kva som skjer på huset.

Aut. Installatør

Dyrud Elektro AS

3840 Seljord

www.dyrud.no

Tlf. 35 05 80 80

post@dyrud.no



Når du trenger elektriker

Tysdagsklubben



Eit tilbod til familiar med barn i barne-
hage- og skulealder. Felles måltid til
barn og foreldre, samling for barna med
aktivitetar, leik, forteljing og song.

HAUSTEN 2023

Tysdag 19. september

Tysdag 17. oktober

Tysdag 14. november

Tysdag 12. desember

Kl. 16.30 – 18 på Misjonshuset
(Brøløsevegen 10, Seljord)

Velkommen til godt felleskap!

Lurer du på noko?

Kontakt Ingunn Liseter,
tlf. 976 82 694



Velkommen til dåp i Seljord, Flatdal og Åmotsdal



Velkomen til dåp i kyrkjene våre – Manndal, Åmotsdal, Flatdal eller Seljord.

***Kjære foreldre.
Gratulerer med det nyfødte barnet!***

Vi i Seljord, Flatdal og Åmotsdal kyrkjelydar vil gjerne dele gleda med dykk og ønsker velkommen til dåp i Seljord kyrkje, Flatdal kyrkje eller Åmotsdal kyrkje (eller i kapella i Manndal,

Svartdal eller på Nutheim). Vil de ha dåp anna stad enn dette, er det og mogeleg.

Tidlegare fekk kyrkjekontoret tilsendt fødselsmeldingar frå sjukehusa slik at vi kunne sende invitasjonar til dei nybakte foreldra, men det har vi ikkje anledning til lenger på grunn av personvernlova.

Når

Dei fleste blir døypte i løpet av dei tre første månadane, men noen barn er eldre. Og nesten kvart år har vi dåp av konfirmantar som ikkje blei døypte som barn, men som vel å høyre til kyrkja gjennom dåp og konfirmasjon.

Korleis

Når de har bestemt dykk for dåp, går de inn på nettadressa seljordkyrkje.no/livets-gong og registrerar opplysningar der. Her ser de kva datoar som er aktuelle for den einskilde kyrkje.

Val av namn

Barnet sitt namn blir registrert i Folkeregisteret, før dåp.

Fadrar

Barnet må ha to til seks fadrar. Desse må normalt vera over 15 år (eller konfirmant) og skal normalt vere medlem i Den norske kyrkja. Å vere fadder går ut på å hjelpe barnet til kristen tru, men det viktigaste er å ha omsorg for barnet. Fadrane kan gjerne ta del med tekstlesing eller andre oppgåver under dåpen.

Dåpssamtale

Etter at ønsket om dåp er registrert, får de ei stadfesting på dette og blir invitert til dåpssamtale med presten.

For spørsmål ta gjerne kontakt med dei tilsette på kyrjekontoret som ligg i 2. etasje på Brøløsvegen 48, eller via tlf og e-post. Sjå gjerne også Den norske kyrkja si heimeside, www.kirken.no/dap.

*«Fylt av glede over livets under,
med et nyfødt barn i våre hender,
kommer vi til deg som gav oss livet,
kommer vi til deg som ga oss livet.»*

Dåpssalme 586 i Norsk salmebok

(Denne teksten er lånt av kyrkjebladet til Sauherad og Nes. Sokneprest Anne Inger Lunner har skrive han. Teksten er omsett til nynorsk av Bergit Telnes.)



Seljordvarme.no
Spesialister på peis og varme!

Steinsrudvegen 7, 3840 Seljord | Tlf: 35 08 41 00 | post@seljordvarme.no

Mykje dåp i Seljord sokn



Dåpsvatnet på Kråkeroe blei henta i tjønne nokre få meter unna staulen.

Det har vore mykje dåp i Seljord den siste tida. Ikkje mindre enn 15 born og unge har blitt døypte så langt i 2023. Og enno er fleire på veg.

Dei fleste seremoniane har naturlegvis vore i eitt av kyrkjebygga våre. Men nokon har og blitt døypte på andre stader. Som døme på dette siste kan nemnast at me har hatt dåp av Brage på Kråkeroe-staulen, lengst nord i Seljord kommune. Kråkeroe-staulen ligg på om lag 900 meter over havet, og det er familien Aasan frå

Flatdal som eig og driv staulen i dag. I denne dåpen blei eit mjølkespann nytta som døypefont – fatet frå døypefonten i Seljord passa perfekt i mjølkespannet. Vatnet som blei nytta i dåpen blei henta i Kråkero-tjønne – dåpsbarnets far, storebror og syskenbarn var saman med presten og henta vatn i tjønne.

Dessutan har me hatt dåp av Sondre i fine omgjevnader på gardstunet til Gunn Siri Slettetveit og Fredric Andreassen på Kasland i Nordbygdi i Seljord. Her vart det



Brage blei døpt på Kråkeroe-staulen 16. juli. Biletet syner soknepresten samen med Brages foreldre, syskenbarn Njål og storebror Trym.

nytta fatt og mugge som tidlegare hadde gjort same nytta i familien.

På bilete på framsida av dette nummeret av Helg & Høgtid kan me sjå tre born som vart døypte i Seljord kyrkje søndag 14. mai. Borna er frå venstre: Aksel, Astrid og Hedda.

DHU



Dåp på gardstunet Kasland 7 i Nordbygd i Seljord.



Sondre Aasan med døypefonten som vart nytta på Kråkeroe-staulen.

Ønsket og elsket på konfirmantleir – konfirmanttida 2023

Spente konfirmantar dro på leir til Gjennestad VGS i Stokke i Vestfold. Saman med Kvitseid, Notodden, Lisleherad, Gransherad, Hjartdal, Vinje og Tokke blei vi ønska velkomen av ein stor flokk med ungdomsleiarar kledd i turkis. Dei viste oss veg til romma, før vi spiste lunsj. På KonfChallenge er gruppeaktivitetar med fotball, volleyball, kubb og stress gjennom heile veka, og ein flott måte å bli kjende på. Etter dei daglege temasamlingane var det gruppesamlingar med ulike aktivitetar knytta opp til bibelfortellingar, Gud, tru, bøn, menneskeverd og livet.

Konfirmantane har pugga, hatt sporleikar, spist godt og vore i aktivitet til seine kvelden – og natta. På leir skal alle kjenne seg trygge og ivaretatt uansett situasjon, og det byggjer på tillitt og nok vaksne. Utan foreldre som stiller opp på leir er det ikkje mogleg å få til leir. Ein hjarteleg kjempetakk til dei.

Konfirmanttida i Seljord har vore ei spanande reise med dykk som har utfordra på ein god måte. I lokal kyrkja har dei vore ministrantar og hatt laurdagssamlingar, og på ulike temasamlingar kor vaffeljerna og toasten har gått varme. Innsamlinga av flaskerpanten til Kirkens Nødhjelp vant Ingebjørg Årild Bjørge med 1024,- kr! Premiar er gitt til alle deltakarne. Alle bidro på fasteaksjon og takk til alle som hjalp til. På fellessamlinga Puzzle på Granvin i mars vant vi ikkje noen cup, men Selina Næs Sigurdson vant ein av tippekonsurransene. Hurra!

Gravferdsdagen i Seljord kyrkje

hadde vi besøk av gravferdsbyrå, var i kyrkja og på kyrkjegarden, og det var mange spørsmål om livet og døden. På samtalegudstenesten i Flatdal fekk dei visa litt av kva vi har gjort. Gud vil oss noko og alle kan få vera seg sjølv. Ønsket og elsket er å ta imot og la bodet om nestekjærleik styra hjartet, tanken og anden din. Treeininga fyller oss og gir oss ein himmel over livet.

Nåde: «8 For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve.» Efesarbrevet 2. 8.

Tru: «6 For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.» Johannes 3.16 = Den lille Bibel

Omsorg: «Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» Matt. 28. 20

Velsigninga: «24 Herren velsigne deg og vare deg! 25 Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig! 26 Herren lyfte sitt andlet mot deg og gje deg fred!» 4. Mosebok 6. 24-26.

Lev vel og
velg livet!
Ingunn
Liseter.
Diakon og
trusopplærar





Kva driv soknerådet med?

Soknerådet er eit folkevalt organ som har ansvaret for drifta av den lokale avdelinga av Den norske kyrkja. Fram til 2020 var det tre sokn, Seljord, Flatdal og Åmotsdal, og dei valte sine representantar til eit administrativt råd som blei kalla Fellesrådet. No er det berre eitt sokn, Seljord sokn, som har alt ansvaret. Soknerådet har ansvaret for aktivitetane som blir drivne i kyrkjeleg regi lokalt. Dei skal syte for at det blir haldne forordna gudstenester med dåp for dei som ynskjer det, og gravferder, og at det kristne evangeliet blir forkynt. Kyrkja har også ei omsorgsteneste som blir kalla diakoni, og må ha nødvendige planar for sitt arbeid. Soknerådet har økonomiansvar, personalansvar, ansvar for alle kyrkjelege

bygg, og for kyrkjegardar med gravlegging og registrering av gravlagde og festarar av gravene. Soknerådet må ha tilsett organist, kyrkjetenar med jobb både ute og inne, kyrkjevevje/dagleg leiar, og diakon dersom dei har økonomi til det. Soknepresten er tilsett av Bispedømmet, så soknerådet har ikkje arbeidsgjevaransvar for den stillinga. Soknerådet har om lag ti møte i året, og dei har ansvar for arrangement som det er naturleg å ha. Soknerådet vel årleg sin rådsleiar, og soknerådet har delegert ansvaret for å setja vedtaka sine ut i livet til kyrkjevevje/dagleg leiar.

JS

Konfirmantar i Seljord

FLATDAL 20. AUGUST KL. 11.00

Mari Haugestul Ekre
Tom Even Fideles Haugan
Veronica Barstad
Vilde Smeland

ÅMOTSDAL 20. AUGUST KL. 13.00

Aslak Haugetuft
Elias Fjeld Bjørnø
Jarand Valhovd

SELJORD

LAURDAG 26. AUGUST KL. 11.00

Lucas Sjerne Evensen
Ragnhild Midtbø- Mevastaul
Torjus Tveiten Golid
William Bjåland Moen

SELJORD

LAURDAG 26. AUGUST KL. 13.00

Alexander Norgaard
Eivind Kyrkjerud Vaa
Eline Tveiten
Ingebjørd Årild Bjørge
Julie Hagen
Markus Noraberg
Selina Næs Sigurdsøn
Tyril Kleiva

SELJORD

SUNDAG 27. AUGUST KL. 11.00

Ambros Klomset Lønnestad
Elias Norgaard Johansen
Gunnhild Brudal Sønstveiten
Tarjei Fæhn Ellingsen

Konfirmantjubileum 2023

I haust skal det vere konfirmantjubileum i Seljord.

Det blir samling for dei som blei konfirmerte i Seljord, Flatdal og Åmotsdal 1972 og 1973. Samlinga vert i Seljord kyrkje sundag 15. oktober 2023. Denne sundagen vert det eigen jubileumsgudsteneste i kyrkja kl 11,00. Etter messa vert det samling på misjonshuset med mimring og servering.

Førre konfirmantjubileum blei kombinert med klassetreff på laurdagen. Dette oppmodar me gjerne til å gjenta – men

slikt treff – og eventuelt anna program på sundagen enn gudsteneste og samling på misjonshuset må kulla står for sjølve.

Eige skriv i posten til alle me har postadresse til. Har du ikkje fått skriv, kan du anten ringje nummer 917 23 967, eller sende e-post til post@seljordkyrkje.no. Hugs å gjeve melding om du eventuelt har med deg følgje på samlinga.

Vel møtt til samling 15. oktober 2023.

DHU

Familiiegudsteneste på Dyrsku'n

I god tradisjon vil det også i år bli familiiegudsteneste på Dyrsku'n. Gudstenesten skal vere i det teltet som blir kalla TettPå stor.

Gudstenesten skal byrje kl 11.00. Som vanleg vil det bli mykje song av Korskulen i Bø. I tillegg skal mannskoret Ågapet frå Kviteseid vere med.


På biletet ser me glimt frå gudstenesten på Dyrsku,n 2022.

DHU



Seljord sokn på nett

Seljord sokn har eiga heimeside på internett. På denne sida kan du finne oppdatert informasjon om kva som skjer i kyrkjene våre. Dessutan kan du mellom anna finne alle gamle nummer av Helg & Høgtid, informasjon om kva du skal gjere om du skal melde deg til dåp eller konfirmasjon m.m. Heimesida har denne adressa: www.seljordkyrkje.no



På heimesida til Seljord sokn finn du oppdatert informasjon om kva som skjer i kyrkjene våre.

FORMIDDAGSTREFF HAUSTEN 2023

SION, FLATDAL: TIRSDAG KL.11.00-13.00.

12. september, 10. oktober, 14. november, 12. desember.

FORMIDDAGSTREFF MISJONSHUSET SELJORD:

Fredag kl.11.00.

29. september, 27. oktober, 24. november.

Andakt, song og musikk, formiddagsmat, utlodning/åresal.

VELKOMEN ER DU! Treng du skyss, så sei ifrå.



TRENG DU NOKON Å SNAKKA MED?

-Ein lyttar? -Forbøn? Tilbodet er gratis og vi har teieplikt.

Ynskjer du nattverd heime, ta kontakt. «Kyrkja for alle».

Sokneprest Dag Harald Undheim

Mobil: 907 78 921

E-post: dag.harald@seljordkyrkje.no

Diakon/trusopplærar Ingunn Liseter

Mobil: 976 82 694

E-post: ingunn@seljordkyrkje.no



DEN NORSKE KYRKJA

Seljord kyrkjelyd

I himmelen, i himmelen – salmekveld i Flatdal kyrkje



Ein av dei mest kjende helgemesse-salmane våre heiter I himmelen, i himmelen. Denne salmen har me fått frå Sverige – Landstad importerte den når han laga den nye salmeboka i 1870. Tonen me nyttar i Noreg er derimot heilnorsk – det er ein folketone frå Heddal.

I gamle dagar vart Helgemesse – eller Allehelgensdag – feira 1. november, både i Noreg og i resten av verda. På slutten av 1700-talet vart dagen hjå oss flytt til fyrste sundag i november, medan resten av verda for det meste har halde på 1. november fram til i dag.

I år skal me skipe til ein salmekveld i Flatdal kyrkje på gamle helgemesse – onsdag 1. november kl 19.00. Me har gitt kvelden namnet I himmelen, i himmelen. På programmet denne kvelden vil det stå song og musikk og tekstar som er knytt til Helgemesse.

Meir info kjem seinare.

DHU

Soknebod

Har du vanskeleg for å komme til kyrkja og ynskjer å ta imot nattverd i privat heim eller på ein institusjon? Då kan du ta kontakt med soknepresten eller soknediakonen, så kan slik teneste avtalast.

Ei slik teneste kallast for soknebod, og blir som oftast utført hjå sjuke og/eller døyan-
de. I kyrkja vår har me ein eigen liturgi som vert nytta i slike samanhengar.

Landstad blei ein gong bodsendt til soknebod på Møsstrand. Han gjorde seg då ferdig med messa i Åmotsdal, og la av garde på den lange ferda over fjellet. Dette soknebodet fortalde han seinare om i diktet Et Sognebud. Då skriv han mellom anna slik:

Jeg red mig opp gjennom Dalen
og over den øde Mo

Jeg kom just fra Kirkens Messe
og reiste i Sognebud

Saa vied jeg Brød og Bæger
til Nadverd i Herrens Navn

Mange kunstnarar har illustrera presten i soknebod hjå sjuke/døyan-
de. Ein av dei er Adolph Tidemand. På dette biletet ser me presten som gjev nattverd til ein sjuk, i ein norsk bondeheim på byrjinga av 1800-talet. Heile huslyden er til stades. Biletet er frå midten av 1800-talet, og heng i dag på Nasjonalmuseet. Det er lasta ned frå nettsida til Nasjonalbiblioteket.

DHU





Flatdal Handlaft as
Telemark

www.flatdalhandlaft.no

3841 Flatdal

Tlf 350 57005 Mob 971 53661



granvin kulturhus
seljord

*Vi tek gjerne imot minnesamvære, kurs, konferansar og selskap.
Alle arrangement blir gjennomført etter gjeldande smittevernreglar.
Kjøp billetter på www.granvinkulturhus.no på grunn av smittevern.*

Granvin Kulturhus AS
Nyveg 16 3840 Seljord

Telefon: 35 06 59 80
Epost: post@granvinkulturhus.no
www.granvinkulturhus.no

Kyrkjeval 2023

Nye sokneråd og nye bispedømmeråd skal veljast i år. Valet blir halde på same tid som kommunevalet, i lokale nær ved kommunen sitt stemmelokale. Valdagen er 11. september. Det skal veljast 8 medlemmer og 5 varamedlemmer. Nominasjonskomiteen sine kandidatar er sette opp på vallista for Seljord sokn i prioritert rekkefølge.

1. Bergit Lisleåsheim Telnes, f. 1960, SELJORD.
2. Bjørg Oseid Kleivi, f. 1950, ÅMOTSDAL.
3. Svanhild Rui Gustavsen, f. 1952, FLATDAL.
4. Lars Geving, f. 1977, SELJORD.
5. Margit Nordstoga Aasan, f. 1961, SELJORD.
6. Kristian Espeland, f. 1956, SELJORD.
7. Agnes Byberg Skårnes, f. 1964, FLATDAL.
8. Haldis Lien Hølland, f. 1956, SELJORD.
9. Øyvind Gletne, f. 1962, SELJORD.
10. Mona Helen Haugan, f. 1972, SELJORD.
11. Kerstin Dorothea Regina Gruss, f. 1964, SELJORD.

12. Knut Telnes, f. 1945, SELJORD.
13. Reidun Øverland, f. 1960, SELJORD.
14. Torunn Raftevold Rue, f. 1964, FLATDAL.
15. Inger Marie Espeland, f. 1951, SELJORD.

Vil du endre på stemmesetelen, kan du:


Gje tilleggsstemme til inntil tre kandidatar på lista. Det gjer du ved å setje eit merke i ruta til venstre for namnet til kandidaten. Gje personstemme til inntil tre andre valbare personar i soknet. Det gjer du ved å føre opp namnet til personen på stemmesetelen. Personen får då ei stemme. Andre endringar vil ikkje telje med i valoppgjeret. Det er ikkje høve til å stryke kandidatar. Frå 10. august kan du førehandsstemme digitalt. Gå til kirkevalget.no og trykk på «Stem digitalt». Logg inn med BankID eller annan elektronisk id. Du vil få oversikt over kva for val du har stemmerett i. Trykk på det valet du ønsker å stemme ved. Du kan førehandsstemme fysisk frå 10. august til 8. september etter avtale med kyrjekontoret.

Presentasjon frå listekandidatar



Bergit Lisleåsheim Telnes:

Eg er født og oppvaksen i Seljord. Eg er utdanna lektor med hovudfag i historie. I 27 år arbeidde eg på Seljord ungdomsskule. No er eg pensjonist, men arbeider litt for kommunen med lokalhistorie. Dei siste fire åra har eg vore leiар av Seljord sokneråd. Me har ein visjon som er «Kyrkje for alle». Med det meiner me at så mange som råd i Seljord skal få eit nært og godt forhold til kyrkjebygget og kyrkjegarden som sitt eige, og at mange vil bli kjent med Jesus og fylgje Han. Ut frå dette er det viktig med ei folkekyrkje som møter menneska i gleder og sorger, men også barne,- og ungdomsarbeid som babysong, Tysdagsklubb, ungdomsklubb og konfirmantarbeid. Dersom eg blir vald inn i soknerådet, vil eg halde fram med å ha fokus på dette arbeidet, og leggje til rette for at alle dei tre kyrkjene våre kan vera møtestader for innbyggjarane i Seljord kommune.



Bjørg Oseid Kleivi:

Jeg er pensjonist fra Åmotsdal. Det viktigste med kirka synes jeg er at den er nær folk. Og selvfølgelig at kirka også er der den er. Viktig å lytte. Jeg kan være med der det trengst, så sant jeg klarer det.



Svanhild Rui Gustavsens:

Eg bur i Svartdal. Jobba som sekretær på kyrkjekontoret i Seljord frå 2002, og som diakon frå 2007 til 2016, da eg vart pensjonist. Eg tenker at noko av det viktigaste kyrkja driv med i dag, er barne- og ungdomsarbeid, og diakoni. Dersom eg blir valt inn i soknerådet vil eg prioritere gode møteplassar, slik som formiddagstreff i Seljord, Flatdal og

Åmotsdal. Gode treffpunkt for foreldre og barn, slik som babysang. Eg brenn for frivillig besøksteneste på sjukeheimen i Seljord og Åmotsdal. Ein draum til slutt: eg ønsker at nokre av gudstenestene gjennom året blir lagt enda meir til rette for dei minste.



Lars Geving:

Jeg er agronom og bosatt i Seljord. Jobber på Seljord hestesenter og som gartner. Glad i å gå i kyrkja. Vært medlem av soknerådet i to perioder.



Knut Telnes:

Eg er oppvaksen på Garvikstrondi. Tilbrakte yrkesaktiv periode i teknologibedrifter på Kongsberg. Flytta tilbake til Seljord i 2020 som pensjonist. Forkynne evangeliet som er forankra i

Bibelen og forvalte sakramenta. Kristen omsorg for folk i alle faser i livet.



Torunn Räftevold Rue:

Eg er 59 år, opphaveleg frå Hornindal i Nordfjord, men eg har budd på Rue i Flatdal sidan 1990. Eg er gift med Halvor og har tre vaksne ungar (Bjønn, Signe og Gjertrud). Av utdanning er eg sivilagronom, og eg har arbeidd i offentleg forvaltning sidan 1994. Frå januar 2023 er eg tilsett i Vest-Telemarkrådet. Eg har spelt fele sidan 1973 og driv aktivt med folkemusikk. Gjennom fleire år har eg drive med feleopplæring. Elles likar eg å halde meg i form ved å gå på ski om vinteren, symje i symjehallen i Seljord og ta meg nokre fjellturar i løpet av året. Eg er ikkje ein aktiv kyrkjegjengar, men eg er oppvaksen med å gå i kyrkja i jula og 17.mai. Kyrkjene er kulturhistoriske bygg. Godt vedlikehald av desse og gravplassane er viktig framover med dei klimaendringane som viser seg. Dei økonomiske vilkåra er difor avgjerande. Kyrkja må vere open og inkluderande. Eg ser kyrkjene som fine konsertlokale, og eg kan gjerne tenkje meg å arbeide for å få til folkemusikk-gudstenester. Eg syns det er kjekt å syngje gode salmar og folketonar i kyrkja. Musikken er viktig for meg.

BYGGMESTER
T.A. GUSTAVSEN AS



TLF. 975 17 817
byggmester@live.no



AASMUNDSEN BAKERI

FLATDAL - TELEFON 35 06 53 00 **ALT I BAKERVERARER**

Gravsteiner Notodden
Det skal lønne seg å handle lokalt



**Østlandets
største
utstilling
og beste priser**

**150 steiner
i utstilling
1-4 ukers
leveringstid**

Steinverksted på Notodden

www.notoddenbegravelse.no
Ingar Faane
350 12 155

Nutheim Gjestgiveri



Vi ønsker velkommen! Telefon: 35 05 21 43



**Morgedal
Rør as**

post@morgedalror.no - 35 06 44 55 | Postboks 114, 3835 Seljord

KLÆR

T. TVEITAN AS

**INTERIØR-
TEKSTIL**

Brøløsvegen 46, Seljord. Tlf: 35 05 04 86

Slekters gang

Døpte

Seljord

Noah Angre
Johannes Solomon Øygarden
Eline Tveiten
Astrid Grave
Aksel Jordal-Moen
Hedda Dubrefjord Moen
Såve Larsen Gundersen
Leonora Mathea Dahl-Rindal
Amalie Rue
Tyrill Kleiva
Sondre Slettetveit Andreassen
(dåp på Kasland i Nordbyggi)

Åmotsdal

Åse-Merethe Haugetuft Guddal
Brage Tinne Listaul (dåp på Kråkerøe-staulen
lengst nord i Seljord kommune)

Vigde

Seljord

Julie Rangfred Hanssen og Tor Helge Kasin
Marlene Gregersen og Jens Gåsdaalen
Kjersti Aarhus og Oddvar Lauvstad
(vigsle på Landstadstova i Seljord prestegard)
Yvonne Nornes og Sondre Hetleflåt Bråthen

Flatdal

Karoline Kjær Bakke og Anders Aasbø
(vigsle i Svartdal kapell)
Vanessa Henriette Høyslett og Nicklas Aasen
(vigsle på Lien fjellgard)

Døde

Seljord

Bjarne Sandsdalen
Knut Østbø
Elen Skarprud
Helge Eivind Skoland
Gunnar Thorvaldsen
Sveinung Heiberg Strand
Stein Baardseth

Flatdal

Tore Svartdal
Anne Marie Moland
Tordis Marie Hegni

Åmotsdal

Svein Vetle Trae
Liv Høydahl
Arnfinn Angre
Folke Nordbø

Hjarteleg takk

for gåva til Seljord Misjonshus
som blei gjeven ved Ingeborg
Dybdahl si gravferd.

Seljord Normisjon

**ØVRE TELEMARK
BEGRAVELSESBYRÅ**

Trygt, omsorgsfullt og verdig

Inger Kjellfrid Brekke Tlf. 466 90 000
post@telemarkbegravelse.no

Vil du vera med i sorggruppe?



«Alt ble med ett så stille,
livet er helt forandret.

Døden har banket
på vår dør og sorgen
har fylt hvert rom.»

Til deg som har mista ein av dine næraste eller bærer på sorg.
Sorggruppe er ein stad å møte andre og kunne snakka om livet om før og etter, og om livet her og no. Det kan vera til hjelp når ein har opplevd tap og sorg. Saman med andre kan det vera godt å gå eit stykke på vegen vidare og dela erfaringar.

I Brunkeberg kyrkje

26. oktober og 16. november kl. 18.00– 20.00.

Tilbodet er gratis, vi har teieplikt og er open for alle uansett tro eller livssyn. Ta kontakt eller møt opp i Brunkeberg kyrkje.
Velkome er du!

Prostdiakon

Eilev Erikstein

Tlf: 911 13 580

E-post: eilever@online.no

Diakon/trusopplærar

Ingunn Liseter

Tlf: 976 82 694

E-post: ingunn@seljordkyrkje.no

Den norske Kyrkja i Seljord



<https://www.kirkens-sos.no/telemark>

<https://www.soschat.no/>

<https://www.kirkens-sos.no/melding>

<https://www.kirkens-sos.no/telefon>

Tilgjengeleg for deg heile døgnet

Joleftan i Åmotsdal kyrkje



I år skal me ha gudsteneste joleftan i Åmotsdal kyrkje. Ei slik messe har lenge vore eit sakn.

Messa skal byrje kl 13,00, og den skal ha same innhald som i Flatdal og Seljord kyrkjer. Det blir song av kjende jolesongar, og lesing og preike knytt til joleevangeliet.

Kjetil Bergheim vil vere organist, og Dag Harald Undheim liturg.

Alle er velkomne – born og vaksne, unge og eldre.

DHU

Gudstenester

12.s.i treeiningstida – 20. aug

Konfirmasjon Flatdal kl 11.00

og Åmotsdal kl 13.00.

Offer: Ungdomsarbeidet i Seljord

Laurdag føre 13. s.i treeiningstida – 26. aug

Konfirmasjon Seljord kl 11.00 og 13.00.

Offer: Ungdomsarbeidet i Seljord

13.s.i treeiningstida – 27. aug

Konfirmasjon Seljord kl 11.00

Offer: Ungdomsarbeidet i Seljord

14.s.i treeiningstida – 03. sept

Flatdal kyrkje kl 11.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

15.s.i treeiningstida – 10. sept

Dyrskuplassen kl 11.00

Familiiegudsteneste

Offer: Kirkens nødhjelp

16.s.i treeiningstida – 17. sept

Seljord kyrkje kl 19.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

17.s.i treeiningstida – 24. sept

Åmotsdal kyrkje kl 19.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

18.s.i treeiningstida – 01. okt

Flatdal kyrkje kl 11.00

Hausstakkefest/familiemesse

Utdeling helsing til 4-åringar

Offer: Trusopplæringa

19.s.i treeiningstida – 08. okt

Inga messe i Seljord sokn

20.s.i treeiningstida – 15. okt

Seljord kyrkje kl 11.00

Konfirmantjubileum 50 år

Offer: Helg & Høgtid

21.s.i treeiningstida – 22. okt

Åmotsdal kyrkje kl 11.00

Offer: Kirkens bymisjon i Telemark

Bots og bønedag – 29. okt

Seljord kyrkje kl 11.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Gamle helgemesse – 01. nov

Salmekveld i Flatdal kyrkje kl 19.00.

Tema: I himmelen, i himmelen.

Song – Musikk – Tekstar.

Helgemesse – 05. nov

Minnegudsteneste med opplesing av namn:

Åmotsdal kyrkje kl 11.00

Flatdal kyrkje kl 16.00

Seljord kyrkje kl 19.00

24.s.i treeiningstida – 12. nov

Seljord kyrkje kl 11.00

Konfirmantpresentasjon

Offer: Ønsket & Elsket

25.s.i treeiningstida – 19. nov

Flatdal kyrkje kl 11.00

Offer: Kirkens bymisjon i Telemark

Kristi kongedag – 26. nov

Seljord kyrkje kl 11.00

Familiemesse

Offer: Trusopplæringa

1.s.i adventstida – 03. des

Flatdal kyrkje kl 11.00

Familiemesse

Offer: Trusopplæringa

1.s.i adventstida – 03. des

Åmotsdal kyrkje kl 17.00

Ljosmesse

Offer: Trusopplæringa

2.s.i adventstida – 10. des

Seljord kyrkje kl 19.00

Ljosmesse

Offer: Kirkens bymisjon i Telemark

3.s.i adventstida – 17. des

Nes bedehus kl 11.00

Adventsmesse

Offer: Nes bedehus

4.s.i adventstida/joleftan – 24. des

Åmotsdal kyrkje kl 13.00

Flatdal kyrkje kl 15.00

Seljord kyrkje kl 15.00

Seljord kyrkje kl 16.00

Offer: Kirkens nødhjelp

1.joledag – 25. des

Seljord kyrkje kl 12.00

Høgtidsmesse

Offer: Misjonsprosjekt NMS

4.joledag – 28. des

Åmotsdal kyrkje kl 17.00

Familiemesse

Offer: Betel og kyrkja

Jolefest på Grendehuset etter messa

Nyårseftan – 31. des

Seljord kyrkje kl 16.00

Når året vender

Offer: Kirkens SOS i Telemark

Kristi openberring – 07. jan

Manndal kapell kl 17.00

Familiemesse

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Jolefest etter messa

2.s.i. openberring – 14. jan

Seljord kyrkje kl 11.00

Høgmesse

3.s.i. openberring – 21. jan

Åmotsdal kyrkje kl 11.00

Høgmesse

Såmannssundag – 28. jan

Seljord kyrkje kl 11.00

Høgmesse

Kristi forklåring – 04. febr

Flatdal kyrkje kl 11.00

Høgmesse

Endringar kan koma

Seljord kyrkje



Flatdal kyrkje



Åmotsdal kyrkje



Manndal kapell

